



Mellvin Steinsvoll

Grensejusteringar - Nettet kommune - kommunereforma

Vi viser til e- post motteke 27. mai 2016 med spørsmål om grensejusteringar i samband med kommunereforma.

Mange kommunar vurderer no å slå seg saman med ein eller fleire kommunar for å skape ein ny kommune. For nokre kommunar kan det vere aktuelt med ei deling av kommunen, for andre kan ei mindre justering av grenser til ei anna kommune vere aktuelt. Ei justering av ei kommunegrense er der ein mindre del av ein kommune ønsker å bli ein del av nabokommunen. Dette kan henge saman med nye samferdselsløysingar, geografi eller nye handels-, nærings- eller tenesteområder i grenseområda til kommunane.

I følge [inndelingslova](#) har **alle** innbyggjarar, grunneigarar og næringsdrivande i ein kommune, rett til å fremje søknad om justeringar av eksisterande kommunegrense.

Innbyggjarinitiativet gjev ein rett til å få vurdert om søknaden skal føljust opp, men det gjev ikkje ein rett på ei fullstendig utgreiing. Departementet/Fylkesmannen avgjer om saka skal utgreiast vidare og eventuelt om justering av kommunegrensa skal skje. Fylkesmannen har fått delegert mynde til å avgjere saker som gjeld «mindre grensejusteringar».

Ein søknad om endring av ei kommunegrense skal vere skriftleg, grunngjeve og den skal innehalde framlegg til nye grenser. Søknaden skal sendast Fylkesmannen. Fylkesmannen vil avgjere om søknaden skal sendast vidare til Kommunal- og moderniseringsdepartementet eller om Fylkesmannen sjølv har mynde til å avgjere saka. Der kommunestyret ikkje er einig i innbyggjarinitiativet sitt framlegg til justering av kommunegrensa, vil Fylkesmannen sende over saka til departementet for endeleg avgjerd. Det same gjeld dersom to kommunar ikkje er einige om ei grensejustering. Kommunane det gjeld vil få høve til å uttale seg om saka før fylkesmannen, evt. departementet tek ei endeleg avgjerd.

Fylkesmannen legg opp til at innbyggjarinitiativ i høve til justering av kommunegrenser vert handsama i kommunestyra i same vedtak som ny kommunestruktur **innan 1. juli 2016**.

Dersom utgreiing og handsaming av ei slik justering ikkje blir teke med i vedtaket innan 1. juli, kan dette også bli handsama i etterkant av endeleg vedtak i kommunen. Sjå elles informasjon på våre [heimesider](#).

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
Ass.fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

